



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Askvoll kommune, med over 3000 innbyggjarar, ligg ytst i Sunnfjord i vakker vestlandsnatur. Det er to daglege ekspressbåtagangar sørover til Bergen (2,5 t) og nordover i fylket. Det er kort veg til Dale (20 min) og Førde (1 t) med bil. Det er god barnehagedekning i kommunen og eit godt servicetilbod i sentrum.

Ledig stilling

KYRKJELYDSPEDAGOG I ASKVOLL

Inntil 50 % stilling

Stillinga er ledig frå 1. mars 2017, og den som vert tilsett vil få ei leiande rolle i realisering og vidareutvikling av den vedtekte trusopplæringsplanen for aldersgruppa 0-18 år. Kyrkjelydspedagogen vil utføre arbeidet sitt i samarbeid med trusopplæringsutvalet i soknet, soknepresten og andre lønna og ulønna medarbeidarar.

Det er over 500 kyrkjemedlemer i aldersgruppa 0-18 i soknet. Trusopplæringsplan for soknet er vedteke, men ikkje alle tiltaka er innfasa enno. Askvoll kyrkje er nyleg fornya innvendig og er eit godt og eigna lokale for trusopplæringsaktivitetar, med mellom anna stolar, multimediautstyr og moglegheit for å dele opp kyrkjerommet med skiljevegg. Hovuddelen av trusopplæringstiltaka er derfor lokalisert her. Nokre av trusopplæringstiltaka er desentraliserte. Det er jamt over svært god oppslutning (mellom 80 og 100%) i trusopplæringstiltaka i soknet. For nærare informasjon om trusopplæringa i Askvoll og soknet si verksemd, sjå:

www.askvoll.kyrkja.no

Arbeidsoppgåver:

- Fylgje opp og vidareutvikle lokale trusopplæringsplanar.
- Ansvar for at tiltaka i trusopplæringsplanane, herunder konfirmantarbeidet, vert gjennomførte.
- Delta i gudstenester knytt til trusopplæringa.
- Delta i arbeid blant born og unge.
- Rekruttere og inspirere ulønna medarbeidarar.
- Profilere trusopplæringsarbeidet i ulike medier.
- Rapportering.

Vi ynskjer ein person som:

- Har interesse og engasjement for kyrkjeleg arbeid for born og unge.
- Har minimum 3-årig høgare utdanning med pedagogikk og/eller kristendom i fagkrinsen. Manglande utdanning kan kompenseras med relevant erfaring.
- Har kjennskap til Den norske kyrkja si verksemd.
- Har gode kommunikasjonsevner og norskkunnskapar og erfaring med sosiale medier.
- Kan arbeide sjølvstendig og systematisk.
- Har personlege eigenskapar som gjer ein skikka for stillinga (engasjement, kreativitet, formidlings- og samarbeidsevne).

Opplysningar om stillinga:

- Løn etter kvalifikasjonar etter gjeldande tariffavtalar i KA sitt tariffområde.
- God pensjonsordning i KLP. Det vert trekt 2% pensjonsinnskot.
- Kontorplass på kyrkjekontoret i Askvoll sentrum i triveleg kollegafellesskap.
- Ein må rekne med noko arbeid på kveldstid og i helgar.
- Søkjar må vere medlem av Den norske kyrkja.
- Søkjar må disponere bil (skyssgodtgjersle).
- Oppstart i stillinga: Snarast eller etter avtale.

For nærare opplysningar om stillinga, ta gjerne kontakt med kyrkjeverje:

Rune Ziener telefon 918 74 724, eller e-post: kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no

Søknad med CV og kopi av vitnemål og attestar kan sendast på e-post eller post til:

kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no

Askvoll sokn
Postboks 14
6988 Askvoll

Søknadsfrist: 20. mars 2017